



Det kongelige finansdepartementet
postmottak@fin.dep.no

Saksnr. 15/216	Dok-ID 15/1619	Arkivkode 024	Sakshandsamar PES	Dato: 27.02.2015
-------------------	-------------------	------------------	----------------------	---------------------

Høyringsuttale - overføring av skatteoppkrevarfunksjonen til Skatteetaten

Vi viser til høyringsbrev av 01.12.2014 og til epost frå departementet til Høyanger kommune av 05.12.2014 om at også vi er høyringsinstans i spørsmålet om å overføre skatteoppkrevjar til Skatteetaten. Frist for avgje høyringsuttale er sett til 02.03.2015.

Forslaget om statleggjering av skatteoppkrevjar har vore drøfta fleire gonger før, men aldri fått fleirtall i Stortinget. Høyanger kommune meiner dagens kommunale løysing er den beste da den gjev svært gode resultat og framstår som ei effektiv organisering.

Vi meiner at ei statliggjering i tråd med den stramme skisserte tidsramma innebære ein risiko for provenytap, reduksjon av nødvendig kompetanse i vår kommune og eit uheldig personalløp med fare for tap av nøkkelpersonell.

1. Skatteoppkrevjaren er viktig for Høyanger kommune

Skatteoppkrevjarfunksjonen er viktig for heile vår lokale økonomistyring. Skatteoppkrevjaren inngår i det totale økonomiske fagmiljøet i kommunen, og bidrar med viktig kompetanse. Vår erfaring er at vi fangar opp avvik frå forventa skatteinngang langt raskare enn ein klarer på nasjonalt plan. Dette gjev oss moglegheit til å justere drifta tidlegare enn dersom vi måtte vente på dei offisielle justerte skattetall.

2. Forslaget innebære ein klar risiko for provenytap

Dagens organisering har ei løysningsgrad som ligg heilt i verdstoppen. Vår eigen skatteoppkrevjar har ein løysningsgrad 99,8 prosent. Høyanger kommune ser ingen grunn til å statleggjere vår skatteoppkrevjar og har ingen tru på at resultatene vert betre dersom desse oppgåvene skal utførast på sentralt eller regionalt hald.

Høyanger kommune vurderer departementet sitt forslag til å innebære ein klar risiko for provenytap. Dette spørsmålet er utreda av Oslo Economics, som har gått gjennom talmaterialet og beregnet konsekvensane av endra innkrevjingsprosent.

Berekningane viser at det norske fellesskapet risikere ei årleg provenytnap i området 0,5-1,5 milliard kroner dersom forslaget blir vedtatt. Utredninga viser vidare at endringar i innkrevjingsgrad på så lite som 0,05-0,15 prosentpoeng vil gjere departementet sitt forslag ulønnsamt, også etter den føreslegne bemanningsreduksjonen.

Den kommuniserte bemanningsreduksjonen er ikkje sannsynleg. Forventa gevinst av fagsystemet SOFIE er allereie henta ut, slik at for dei sakene som vert handsama manuelt, som vil vere dei same sakene uansett organisering, er utøving av lokalt skjønn eit mål og ein føresetnad for eit godt og rett resultat. Dette viktige aspektet synes ikkje å vere belyst i høyringsdokumenta.

Innanfor samanliknbare område som innkrevjing av arbeidsgivaravgift og MVA har den kommunale innkrevjinga gjennomgåande betre resultat enn statleg, med ein kommunal løysningsgrad på 99,8% mot statleg løysningsgrad på 99,4%. Da det her er snakk om store beløp vil også små endringar i løysningsgrad kunne ha merkbar betydning for provenyet til **Høyanger kommune**.

Den gjennomførte risikovurderinga av provenytnap synes utilstrekkeleg og overflatisk. Den tar ikkje høgde for ovannemnde moment og gjev inntrykk av å vere tilpassa ønska resultat.

3. Nærleiken til skattesubjekta forklare dei gode resultatata i forskotsordninga og er viktig i kampen mot svart økonomi og arbeidslivskriminalitet

Vi jobbar proaktivt og preventivt for å sikre at arbeidsgjevarane i Høyanger kommune melder rett grunnlag. Vår kontorkontroll inneberer synlig og merkbar aktivitet overfor arbeidsgjevarane. Vi purrar når vi ikkje mottar oppgåver, vi kontaktar dei pr telefon når vi ser at de har meldt feil, vi oppsøker dei fysisk og etterspør oppgåver og gjennom vår arbeidsgjevarkontroll avdekke vi det som skulle vore meldt. Vi gjør et viktig preventivt arbeid som bidrar til at våre arbeidsgjevarane melder rett grunnlag og gjennomfører, bereknar og innbetaler korrekt forskotstrekk, utleggstrekk og arbeidsgjevaravgift.

Det er dette arbeidet og nærleiken til innbyggerane, kombinert med forskotsordninga, som gjev dagens gode resultat.

Høyanger kommune meiner difor at vår nærleik til innbyggerane og vår lokalkunnskap i stor grad bidreg både til forskotsordninga sin suksess og til dei gode resultatata for innkrevjing av de andre skattartane.

Nærleiken til skattesubjekta er også viktig i kampen mot svart økonomi. Vår lokale skatteoppkrevjar som kontrollinstans har ein klar preventiv effekt. Dersom skatteoppkrevjaren statleggjast og sentraliserast vil avstanden mellom kontrollinstansen og kontrollsubjekta auke i vesentlig grad. Mange kommunar og byer vil ikkje ha nokon kontrollinstans i det heile. For **Høyanger kommune** vil næraste kontrollinstans vere Skatt vest Bergen/leikanger. Vi vurderer denne auka avstanden som ein betydeleg risikofaktor for økt svart økonomi og arbeidslivskriminalitet.

I den andre enden av skalaen er det også vår erfaring at nærleiken til innbyggerane er viktig for å bistå dei vanskelegstilte skatteytarane; dei som ikkje alltid kan hjelpe seg sjølv eller som av andre grunner ikkje kan ivareta sine egne interesser. Nærleik og lokalkunnskap er viktig også for å forstå og hjelpe dei som treng det mest.

4. Forslaget bør inngå som ein naturleg del av kommunereforma

Skatteoppkrevjar er i dag ein viktig og godt integrert del av vår lokale økonomieining. Departementet hevder skatteinnkrevjing ikkje er ei naturleg kommunal oppgåve, mellom anna fordi det skal utøvast *«liten grad av skjønn»*. **Høyanger kommune** meiner at nettopp moglegheitene til å utøve lokalt skjønn innanfor lova sine rårer, er eit bidrag til våre gode resultat og stiller oss difor uforståande til denne påstanden. Vi meiner at nærleiken og forståinga for dei lokale forhold bidreg til både lojalitet og legitimitet til skattesystemet.

Forslaget om statleggjering kjem midt i kommunereforma. Eit uttalt mål i kommunereforma er å *«flytte makt og ansvar til større og mer robuste kommuner»*. Regjeringa seier den vil *«vise mer tillit til lokalpolitikkerne og gi kommunene mer handlingsrom. Alternativet er fortsatt sentralisering.»* Å statleggjere skatteoppkrevjaren vår er difor i strid med dei uttalte måla for kommunereforma.

Stortinget ga sin tilslutning i Prop. 95 S (2013–2014) til retningslinjer for oppgåvefordeling mellom stat og kommuner. Departementet trekk serleg fram punkt 3, om at: *«oppgaver som ikke skal la seg påvirke av lokalpolitiske oppfatninger og lokalpolitiske forhold, og som derfor er kjennetegnet av standardisering, regelorientering og kontroll, bør i utgangspunktet være et statlig ansvar»*. Dette er derfor i tråd med oppgave- og ansvarsfordelingen som skal vurderes i kommunereformen.» som et argument for statliggjering nå.

Fleire av dei andre prinsippa, for eksempel punkt 1: *«Oppgaver bør legges på lavest mulige effektive nivå.»* trekk imidlertid i den andre retninga og taler for fortsatt kommunal organisering. Samla sett er det lite ved skatteoppkrevjaren sine oppgåver som tilseier at dei, etter nemnde retningslinjer, klart fell utanfor dei områda som skal handsamast i kommunereforma. Forskotsordninga spesielt og skatteinnkreving generelt er og bør vere påverka av lokale- og lokalpolitiske forhold.

Etter vårt syn er organiseringa av skatteoppkrevjar ein naturleg del av den totale gjennomgangen av dei samla oppgave- og ansvarsfordelinga mellom stat og kommunar i kommunereforma.

Høyanger kommune meiner difor det er uheldig å forsere ei avgjerd om dette nå og tilrår heller at spørsmålet vert vurdert under ei samla handsaming av kommunereforma.

5. Oppsummering

Kombinasjonen av eit irreversibelt forslag, mangelfull utredning av gevinst og klar risiko for provenytap gjer at **Høyanger kommune** går i mot statleggjering av skatteoppkrevjar frå 01.01.2016.

Høyanger kommune meiner dagens løysing gjev dei beste resultata og framstår som ei effektiv organisering. Spørsmålet om organiseringa av skatteoppkrevjar er mest naturleg å handsamast i den komande kommunereforma.

Høyanger kommune meiner forslaget er eit eksempel på uheldig distriktpolitikk fordi nærleik og lokalkunnskap er spesielt viktig i denne saka. Forslaget innebære ei uhensiktsmessig sentralisering, når lokal skjønnutøvinge og lokalkunnskap er mye av forklaringa på dei gode resultatene vi har i dag. **Høyanger kommune** meiner at **Høyanger kommune** sjølv har best kompetanse og førestnad for å samarbeide med og

handtere vårt lokale næringsliv og våre innbyggjarar innanfor høyringa sine føreslegne område.

Høyanger kommune vil også merke at høyringsdokumenta i svært liten grad gjev noko grunngeving for kvifor skatteoppkrevjarfunksjonen skal overførast. **Høyanger kommune** reagerer på at hovudspørsmålet om kvifor overføringa skal skje, i svært liten grad er utreda. Dette trass i at forslaget kan få betydelege negative konsekvensar for **Høyanger kommune** og som nemnd innebere ein risiko for vår likviditet, økonomistyring og økonomikompetanse. Særleg i lys av at ei eventuell statleggjering vil vere irreversibel er **Høyanger kommune** negative til departementet sitt forslag.

Ovannemnde uttale er formannskapet sitt framlegg til handsaming i kommunestyret i møte 03.03.2015, sak 012/15, og det blir teke atterhald om at kommunestyret sluttar seg til høyringsuttalen.

Med helsing

Petter Sortland
ordfører